

Referat styremøte Vassvøri sogelag 27.02. 2017 kl. 18.30 i heradshuset på Evanger.

Desse møtte: Grethe, Kåre Olav, Svein, Knut og Leif.

Grethe ynskte velkomen.

1. Referat frå førre styremøte: Sakene derfrå gjennomgått.

a) Brua i Bjørgadalen: dugnadsgjeng på 5 personar utførte arbeidet 22.10.2016. Brua er no på plass og vonleg står ho gjennom dei komande vintrane.

b) Saghaugrydding: Saka vidareførast frå førre møte.

c) Knute Nelsonstova: restaurering/reparasjon av steintrapp.

Grethe hadde med forslagsbrev til kommunen om engasjement derfrå vedkomande trappevøla. Brevet gjennomgått og godkjent. Grethe sender det vedlagt div. dokumentasjon til kultursjefen med kopi til utvalet for tekniske saker.

d) Postbryggja på Evanger. Søknad til Voss kommune om økonomisk tilskot, ingen respons foreløpig, ifylgje Grethe. Søknad til Statens vegvesen om økonomisk tilskot. Kåre har motteke avslag. Han tilrår å søkja på nytt, noko styret tilsluttar. Han meinte og at det kunne vera ein ide og kontakte Geir Vetti for eit uforpliktande kostnadsoverslag som eit alternativ til Haakon Aase sin rapport frå 2014. Styret einig.

2. Årsmøtet: bestemt til onsdag 5. april kl. 18.00 i heradshuset på Evanger.

a) Førebuing årsmøtet.

- Årsmøteplakat på oppslagstavla på Evanger og på Bolstad. Grethe.

- Årsmøteannonse «Hordaland». Kåre Olav

- Kaker: 1 kvit dame og 1 verdens beste. Til 35 personar. Ringheimskafeen og henting. Leif

- Blomar 5 stk (4 til skriftnemnda, 1 til salsmann Ottar. Grethe kjøper desse samt kaffi, papp-talerkar og bestikk.

Årsmøtekåseri: Grethe har spurt tidlegare styremedlem og BKK-mann, Arvid Herfindal, om kåsering om BKK i Vassvøri.

Styret ventar hans endelege svar. Dersom nei, vil styret vurderer annan person innan same tema.

3. Ymse.

a) Svein orienterte om «inndriving» av uteståande bokpengar frå butikken på Eidslandet.

Han hadde og med liste over medlemar som ikkje har betalt kontingente. Styret diskuterte kva ein skulle gjera med desse.

b) Kåre fortalte at han saman med Einar M. Straume frå Vaksdal historielag hadde vitja Utburdsura ved Trollkona. Med referanse til Jørn Ø. Sunde sitt kåseri om uskikken med utsetjing av spedbarn.

c) Knute Nelson biografier. Leif kjøper 3 ulike bøker om Knute. 1: The Scandinavian Moses. 2: Knute Nelson 3: Norwegian Yankee, Knute Nelson and the failure of Politics 1860 – 1923.

d) Utsendingar til årsmøte i Hordaland sogelag. Ingen førespurde hadde høve til å reisa.

Møtet slutt kl. 20.30

Skrivar: Leif